

Godt sal og etterlevering av varer til julemessa i Rosendal.

01.12.2018



John Kåre Mæland og Sveinung Sandvik syner stolt fram Hjønnnevågprodukt.

Både Hjønnnevåg og Friheim Gardsmat måtte bed om etterlevering av varer til julemessa i Rosendal i går. Mykje folk og god handel gjorde at verksemder frå Uskedalen gjekk tom for nokre av sine produkt. Kjellaug Hella Myklebust selde alle dei 700 hardingekakene ho hadde med til Jul i Rosendal, og det var faktisk to timer før stengetid kl. 16.

Jul i Rosendal er ei godt innarbeidd og populær julemesse. I år fann vi heile fem verksemder frå eller med tilknyting til Uskedalen. Hjønnnevåg og Friheim Gardsmat har vore med i mange år. Det same har Kjell Musland med skulpturar og figurar skorne i tre. Gina Berge Soldal er med for fyrste gong.

Hjønnnevåg hadde med eit variert utval av sitt varesortement, alt frå fiskepuddingen med gullprisen til røykte fiskeprodukt. Fiskekakene sel god, men det mest populære produktet er burgeren. Her måtte ein bed om etterlevering.



Friheim Gardsmat har ei travle førjulstid med produksjon og sal på julemesser. F.v: Bjørg Inga Miljeteig og Torbias Torjussen.

Friheim Gardsmat har med alle sine 12 produkt til julemessa. Det er sylteflesk, blodpølse, fire ulike middagspølser, fire ulike spekepølser, fenalår og bacon. Familien fra Friheim har det travelt i førjulstida. Alt i dag, sundag 2. desember, går turen til Imsland i Ryfylke der Berit Karin bur, syster til Bjørg Inga Miljeteig. Julemessa på Nå ligg fast inne i køyreplanen. I år er messa lagt til 16. desember.



Kjell Musland har vore ein aktiv trekunstnar sidan 1978. På julemessa hadde han salsbod saman med Svein Opdal. Opdal selde knivar og fiskefloger.

Kjell Musland hadde salsbod saman med Svein Opdal. Kjell er velkjend med alle figurane sine, skorne i tre. Det heile tok til med ein hest, skoren i 1978. Etter det har der vorte mange oppdrag over heile landet. Mest kjend er truleg figuren av Edvard Grieg som står på Lofthus. Han har vore med på fem salsturar med MS GANN langs heile norskekysten. Då har det handla mest om sal av verkty. Kjell er dagleg i snikkarverkstaden og skjer. Det er ein kreativ hobby, men også til tider ei næring. Svein Opdal lagar og sel knivar. Dessutan syner han fram og sel floger, særleg for laksefiske, men også for lyr.



Gina Berge Soldal syner fram eit variert utval av sydde kle for born og vaksne.

Gina Berge Soldal har Instagramside med namnet Laga på Holmen. Her kan vi lesa om alt Gina syr og produserer av nytt eller brukta stoff. Gina er sjølvlært og har over ein 10 års periode utvikla syinga til eit handverk med mange produkt. Det går mest på luer, kjolar, barnekjær, toalettmapper og posar av ulike slag. Dersom ein kunde vil ha noko spesielt, syr Gina på mål.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Mor og dotter, Kjellaug Hella Myklebust og Gina Berge Soldal, hadde salsboder tett i tett.